

**ARNOLD MATRE OG KRISTIN MIDTGÅRD
REINÅ GARD
Matre 35
5984 MATREDAL**

**OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO**

**MERKNADER TIL NVE SI TILRÅING I HØVE NY 420 kV KRAFTLEIDNING
MELLOM MODALEN OG MONGSTAD.**

Det vert vist til skriv frå NVE dagsett 30.09.13, der NVE tilrår ny 420 kV kraftleidning mellom Modalen og Mongstad. Tilrådinga er eit omfattande dokument på 157 sider. Me vil i hovudsak syna til våre tidlegare uttalar dagsett **07.06.09 06.01.11, 06.07.12** og, særleg kva gjeld riggplass i Matresdalen og kabling gjennom næringsområde på Matre.

Me vil i denne merknaden gå i mot 3 punkt i NVE si tilråding:

- Riggplass i Matresdalen
- Kabling gjennom grøn næringspark på Matre
- Delar av trasèval gjennom Stølsheimen.

1. Riggplass i Matresdalen.

OED vert oppmoda om å ta ut planlagt riggplass i Matresdalen. Denne er plassert på lokalitet som innehar særleg store kulturverdiar. Transformatorstasjonen var først planlagt her, men vart flytta til Haugsværdalen grunna desse kulturverdiane (jf. KU).

Verdiane er m.a dokumentert i NVE sin rapport på side 17:

... "Konsekvensutredningen sier at stasjonen vil berøre et tydelig definert landskapsrom og gi middels til stor negativ konsekvens for landskapet. Transformatorstasjonen vil komme i direkte konflikt med kulturmiljøet Treet, som blant annet inneholder tufter fra yngre jernalder/middelalder. Denne plasseringen av transformatorstasjonen fikk mye kritikk i forbindelse med meldinga og BKK Nett har utredet plasseringen, men valgt å ikke søke på aktuelle plasseringen. Masfjorden kommune har i uttalelse sagt at de er fornøyde med at tiltakshaver har gått bort fra plassering i Matresdalen. På grunn av det høyr konfliktpotensiale med landskap og kulturminner ser ikke NVE grunnlag for å gå videre med denne plasseringen".

Ut i frå BKK sin eigen, samt NVE, si grunngeving i høve transformatorstasjonen, er det uforståeleg at arealet framleis ligg inne som riggområde. Eit riggområde her krev planering og vil i monaleg grad øydeleggja kultur- og naturkvalitetane på Treet. Me føreset såleis at det er ei utegløyning (inkurie) at riggplassen ikkje er fjerna/flytta.

Konklusjon: Riggplass på Treet i Matresdalen må verta fjerna/ flytta.

2. Krav om kabling gjennom grøn næringspark på Matre.

BKK søkte 06.12.12 om å byggja jordkabel på strekninga Matre kraftverk til vestsida av Matreselva, ein strekning på 600 meter. **Me ber med dette om at OED går i mot NVE si tilråding, og såleis godtek BKK sin søknad om kabling.**

Krav om kabling har vore eit unisont krav frå Masfjorden kommune, lokale lag og organisasjonar, grunneigarar og einskildpersonar. Det er for oss uforståeleg at NVE ikkje har tilrådd kabling på denne strekninga, og etter vårt syn er det dokumentert at føremonene for bygda forsvarar dei ekstra kostnadane kabling vil medføra. Ein vil her særleg peika på alle dei negative landskapainngrepa "storsamfunnet" har påført bygda siste 60 år. Det er ikkje riktig slik NVE skriv (s 96) om at ein ny 420 kV leidning ikkje vil medføra auka belastning for Matre.

Kryssinga av Matresdalen er eit nytt inngrep, noko som også vil vera synleg frå store delar av bygda. Dei samla inngrepa i og kring bygda vil såleis auka.

Det vil også her vera riktig å peika på at Matre er den bygda langs heile traseen som klart er påført størst negative verknader av kraftutbygging. Me vil særleg peika på konklusjonen i vår uttale av 07.06.09. Her peikar me på at områda våre alt har hatt store negative miljømessige kostnader med storsamfunnet sin trong for naturressursar. Ved store kostbare prosjekt, der utbygginga ikkje er lokalt grunngjeve, må samfunnet ta meirkostnaden ved å velja alternativ som fjernar eller reduserar dei negative lokale konsekvensane

I tillegg til nærare 1 milliard kroner i investeringar i 420 kV linja, vert det i desse dagar gjort investeringar i kraftverket på Matre for om lag 7-800 millionar. Dette også stort sett utan at bumiljøet i bygda har anna igjen enn støyulemper i 2 ½ år. I dette perspektivet er ein kostnad på vel 6 millionar ikkje urimeleg for varig å betra nærmiljøet

Dette må vera eit absolutt krav både ut frå næringsinteresser, landskap/estetikk og mogelege helsefylgjer av nærføring av høgspenteleidningar.

Konklusjon: OED må gje BKK løyve til å byggja jordkabel på strekninga Matre kraftverk til vestsida av Matreselva.

3. Traseval gjennom Stølsheimen

Me har gjennom tidlegare merknader gjort greie for at ny 420 kV kraftleidning i minst mogeleg grad bør råka områder i Stølsheimen der det i dag ikkje går kraftleidningar. BKK og NVE har synt vilje til å justera traseen. Alternativet som er tilrådd frå NVE er betre enn nokre av alternativa som var ute på høyring.

Oppsummering:

- 1. Riggplass på Treet i Matresdalen må verta fjerna/ flytta**
- 2. OED må gje BKK løyve til å byggja jordkabel på strekninga Matre kraftverk til vestsida av Matreselva**
- 3. OED bør vurdere å justera linjetraseen til alternativ gjennom Stølsheimen som i minst mogeleg grad råkar områder der det i dag ikkje går kraftleidningar.**

Matre, 14. januar 2014

Med helsing

Arnold Matre og Kristin Midtgård

Grunneigarar gnr 49 bnr 3 m.fl Store Matre